Kvam herad

REKNESKAPSUTTREKK PER SEPTEMBER 2026

Tala byggjer på eit uttrekk frå rekneskapssystemet og er ikkje direkte samanliknbare med det som framkjem i dei offisielle tertial- og årsrapportane. Med unntak for kraftinntekter, er tala ikkje periodisert (delt ut i tid). Dette har innverknad på viktige tal som til dømes renteutgifter og avdrag som forfell til ulike tidspunkt i løpet av året. Andre postar som avskrivingar, og nokre pensjons- og skatteføringar, skjer berre i samband med årsoppgjeret. Tala for 2026 er samanlikna med tilsvarande periode i 2025 og 2024, for å synleggjera utviklinga over tid.

September (MNOK)	REKN. hittil 2024	REKN. hittil 2025	REKN. hittil 2026	Endring 2025-26	Prosent 2025-26
Rammetilskot	-278	-299	-315	-16	5 %
Skatteinntekter	-228	-262	-270	-8	3 %
Eigedomsskatt	-21	-22	-25	-3	15 %
Salsinntekter	-74	-82	-87	-5	6 %
Andre driftsinntekter	-61	-61	-59	2	-3 %
SUM INNTEKTER	**-661**	**-725**	**-755**	**-30**	**4 %**
Løn og sosiale utgifter	472	491	481	-10	-2 %
Pensjon	72	69	59	-10	-14 %
Kjøp av varer og tenester	179	187	187	0	0 %
Andre driftsutgifter	43	31	42	11	36 %
SUM UTGIFTER	**765**	**777**	**768**	**-9**	**-1 %**
Netto kraftinntekt (etter grunnrente/skatt)	-27	-29	-47	-18	60 %
Netto renteutgifter (ikkje periodisert)	31	45	51	6	14 %
SUM KRAFT OG RENTER	**4**	**15**	**4**	**-11**	**-73 %**
RESULTAT hittil i år	**108**	**67**	**17**	**-50**	**-75 %**

Uttrekk: 04.11.2026

Utviklinga samanlikna med fjoråret er positiv. Inntektssida er vesentleg betre. Auken i *skatt* og *rammetilskot* er dei største drivarane. Det har vore omleggingar i modellen for berekning og utbetaling av kommunen sine skatteinntekter. Dette gjer at 2025 og 2026 ikkje er direkte samanliknbare. I tillegg er utbetalingstidspunktet endra. I 2025 var utbetalingane til kommunen kvar 2. månad, mens me i 2026 mottek utbetalingar kvar månad.

Lønsutgiftene er 10 MNOK lågare enn fjoråret. Om ein i tillegg tek høgd for lønsveksten tyder dette på at kommunen har ein reduksjon i arbeidde årsverk. *Pensjonsutgiftene* er kraftig redusert. Dette skuldast bruk av kommunen sine oppsparte fondsmidlar hos KLP kombinert med oppdaterte berekningar.

Storleiken på *Kjøp av varer og tenester* varierer frå månad til månad, grunna endra behov og kva månad fakturaen kjem. Tala indikerer ei nedgang i 2026 om ein tek omsyn til prisstigning.

Andre driftsutgifter har ei rekkje varierande mottakarar og tidspunkt for utbetaling av kommunal støtte. Utbetalingane er vesentleg høgare enn fjoråret. Hovudforklaringa på dette er utbetaling på 8,5 MNOK til Kulturnaustet.

Kraftinntektene er basert på reelle tal, der grunnrente og skatt er trekt ut. Netto kraftinntekt ligg vesentleg over fjoråret grunna vesentleg høgare marknadspris på heimfallskrafta.

Kvam herad

FORDELING PÅ KOMMUNALE TENESTEOMRÅDER (KOSTRA)

Denne tabellen syner den vanlege oppstillinga som vert nytta i budsjett, tertial- og årsrapportar. Tala syner netto tal for det einskilde tenesteområde.

KOSTRA Tenesteområde September (MNOK)	REKN. hittil 2024	REKN. hittil 2025	REKN. hittil 2026	Endring 2025-26	Prosent 2025-26
Administrasjon	40	40	**41**	1	3 %
Barnehagar	83	88	**79**	-9	-10 %
Barnevern	18	18	**20**	1	8 %
Brann- og ulykkesvern	15	11	**14**	3	24 %
Bustad	-2	-2	**0**	2	-86 %
Finans og fellespostar	-535	-571	**-591**	-20	3 %
Grunnskuleopplæring	140	142	**129**	-13	-9 %
Næringsforvaltning og konsesjonskraft	-11	-24	**-42**	-18	76 %
Kommunehelse	37	41	**44**	3	7 %
Kultur	28	26	**35**	9	34 %
Kyrkja	5	6	**6**	0	5 %
Plansak og byggesak	6	4	**4**	-1	-14 %
Pleie og omsorg	244	255	**254**	0	0 %
Samferdsel	9	8	**9**	1	11 %
Sosialeteneste	28	30	**25**	-4	-15 %
Styring og kontrollverksemd	5	5	**4**	0	-10 %
Tenester utanfor ordinært ansv.område	2	1	**0**	-1	-81 %
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-6	-11	**-15**	-4	36 %
TOTALT	**108**	**67**	**17**	**-50**	**-75 %**

Uttrekk: 04.11.2026

Når tala for dei ulike åra vert samanlikna, er det viktig å vera klar over lønns- og prisstigning. Frå 2025 til 2026 tilseier dette ei kostnadsauke på om lag 4%.

Auken på *Finans og fellespostar* har samanheng med auken i skatteinntekter (grunna omlegging av skattesystemet) og auke i både rammetilskot og andre inntektspostar.

Auken på *Næringsforvaltning og konsesjonskraft* har samanheng med høgare kraftprisar.

Både *Barnehage* og *Skule* viser solid reduksjon samanlikna med 2025.

På *Kultur* kan utgiftsauken forklarast med utbetaling på 8,5 MNOK til Kulturnaustet.

UTVIKLING TILSETTE OG ÅRSVERK



Grafane syner utviklinga i årsverk til faste og midlertidig tilsette som får utbetalt lønn frå kommunen. Begge grafane syner ei reduksjon på om lag 6 %